

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 03.11.2008
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Intervensjonsenter i Helse Stavanger HF –
innreiing av 2. etasje MOBA**

Arkivsak

2008/523/

Styresak 114/08 B

Styremøte 05.11. 2008

Bakgrunn:

Ved Stavanger Universitetssjukehus fikk radiologisk intervensjonslab, Lab 6, driftsstans med alvorlege feil den 22. oktober 2008. Det er konstatert at det ikkje er mogleg å reparera utstyret, noko som medfører store utfordringar for pasientbehandlninga. Strakstiltak er sett i verk, men det er nødvendig med en rask avklaringa med omsyn til ein varig løysing.

Styret i Helse Stavanger har over tid vore orientert om situasjonen knytt til sårbarheit i samband med ustabil drift ved radiologisk intervensjonslab. I denne samanheng er det gjort greie for behovet for ein avklaring på spørsmålet om framtidig etablering og plassering av intervensjonsenter i MOBA. Intervensjonssenteret er prosjektert og planlagt i 2. etasje i MOBA med to angiomasikinar slik at ein er sikra back-up. Ei innreiing i 2. etasje kan bli gjennomført uavhengig av innreiing i 3. etasje der det skal etablerast luftsmitteisolat, intensivavdeling og PCI-lab.

Kostnadene for innreiing av intervensjonssenteret er berekna til 35 – 40 mill kr inkl mva, men eksklusiv investeringar i medisinsk teknisk utstyr. Kostnader til medisinsk teknisk utstyr vil kome på ca 30 mill kr for to angiomasikinar. "Sykehuset i våre hender" gir 10 mill kr til dette utstyret.

Styret i Helse Stavanger HF har behandla sak vedrørande intervensjonssenter i styremøte 24. oktober 2008, sak 097/08 B og i styremøte 31. oktober 2008, sak 099/08 B. Kopi av saksførelegga og protokoll frå styremøta er vedlagt.

I Styremøte 31. oktober 2008 gjorde styret i Helse Stavanger HF følgjande vedtak:

1. *Styret vedtar innredning av intervensjonssenter til 40 mill i 2009.*
2. *Styret gir sin tilsutning til likviditetsberegninger for 2009 og godkjenner dette.*
3. *Endelig 5-årig investeringsplan behandles av styret i forbindelse med budsjett for 2009.*
4. *Saken oversendes Helse Vest RHF med anmodning om snarlig behandling.*

Kommentarar:

Samanbrotet ved radiologisk intervensjonslab, Lab 6, i oktober gjer det nødvendig straks å ta tak i og gjennomføre planane om å etablere eit nytt intervensjonssenter i 2. etasje i MOBA.

For å sikre ei trygg gjennomføring er det viktig at Helse Stavanger har ein plan for investeringar der kvart enkelt år i den endelege fem års investeringsplanen er finansiert 100% utan bruk av driftskreditt. Helse Stavanger må og ha ein fleksibilitet i gjennomføring av investeringsplanen slik at ein kan tilpassa framdrifta i forhold til tilgjengeleg finansiering kvart år. Dette betyr at Helse Stavanger må tilpassa investeringsnivået dersom resultatata i kvart enkelt år blir dårligare enn budsjettert.

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner innreiing av intervensjonssenteret innafør ei ramme på kr 40 mill på følgjande vilkår:

1. Endeleg femårig investeringsplan må bli finansiert 100 % kvart år utan bruk av driftskreditt.
2. Budsjettoplegget i Helse Stavanger må ha stor tryggleik for at det til saman ikkje blir brukt meir likviditet til drift og investeringar enn det som er tilgjengeleg kvart enkelt år.

Vedlegg:

1. Styresak 097/08 B Helse Stavanger HF
2. Protokoll frå styremøte i Helse Stavanger HF 24. oktober 2008
3. Styresak 099/08 B Helse Stavanger HF
4. Protokoll frå styremøte i Helse Stavanger HF 31. oktober 2008